



hardangerbadet
frisk og aktiv



Årsmelding
2022

86 EKSTREMBADING I BADEBYGDA ØYSTESE

KVAM KOMMUNE, HORDALAND

60,38°N, 6,20°A | 2 MOH.

SPRING OG TING: hardangerbadet.no

ALDRI HAR EG kome over nokon stad der folk er meir glade i å bade enn i badebygda Øystese. Her dreiar det meste seg om forfriskande symjetak. Ikkje berre har dei fått bygd det imponerande Hardangerbadet like ved badestranda midt i sentrum, utover fjorden er det etablert fleire andre badeplassar, strender og havbad. Sjølv langt til fjells er det badevenlege jettegryter i Storelva som renn ut i Fitjadalsvatnet, som naturlegvis også har badestrand. Som om ikkje det er nok, badar bygdefolket også i Gullfiskvatnet, eit tjern nokre kilometer frå sentrum. Der bur det store, fargerike gullfiskar av typen gullvederbuk, som sym sakte rundt som dei levande attraksjonane dei er. Dei vart sette ut tidleg på 1900-talet og trivst ypparleg. Vatnet heiter eigentleg Skårsvatnet og er utebadefavoritten på våren. Då er temperaturen her langt høgare enn i fjorden.

Den første fredagen i kvar måned året rundt møtest bade glade sambygdingar til sjøbading på stranda like ved Hardangerbadet. Primus motor og primærpådrivar er Connie Langeland, som driv kommunikasjonsbyrået Bukken. Eigentleg ser ho på folk frå Øystese meir som eit fjellfolk, men det er lite som freistar så mykje som eit bad etter ein varm og sveitt fjelltur.

«Det er vinterbadinga som er mest populær, fordi det er ei større utfordring å hoppe uti fire enn 20 grader», forklarar Connie smilande.

Etter dukkertar i fjorden opnar ho kontoret sitt som matpakkearena og tilbyr kaffi eller te. Uhøgtidlege møtestader er det for få av i kommunen, og Øystese er ein såpass liten stad at dei må lage den moroa dei vil ha, sjølve. Fredagsbadinga er eit ekte lågterskeltilbod, sjølv om det ikkje er for alle. Vanlegvis dukkar rundt ti personar opp.

Fleirtalet ønskjer høgare temperaturar. I Øystese bur rett over 2000 innbyggjarar, heile 850 har årskort til badehallen. No er ikkje absolutt alle frå bygda, det flotte bassenget får folk til å ta turen frå heile området. Ei dame kjem for eksempel ein ettermiddag kvar veke





Oversikt

4. Innleiing
6. Verksemda, drifta og bygget
7. Fasilitetar
8. Arbeidsmiljø, sjukefråvær og likestilling
10. Tryggleik og HMS
11. Aktiviteten i Hardangerbadet
13. Styret, administrasjon og økonomi
15. Badebutikk og kafé
16. Samarbeid og synergieffektar
17. Miljøansvar
18. Oppsummering

frisk og aktiv



Innleiing

2022 var endeleg året då pandemien slapp grepet rundt storsamfunnet og Hardangerbadet fekk, med unntak av to veker i januar, halde ope som normalt. Dette har sjølvsagt vore enormt viktig for folkehelsa, symjeopplæring i skulane og alle dei tilsette.

Likevel har året ført med seg utfordringar i ulike former. Høge energikostnader, inflasjon og trong privatøkonomi blant det norske folk har vore nokre av dei. I tillegg fekk me merka at landegrensene våre opna. Nordmenn reiste til syden att, og det vart færre gjestar i sommarsesongen enn venta.

Hardangerbadet legg bak seg eit år med krumme nakkar, varierte arbeidsoppgåver, raske taktskifte, ny kunnskap og omstilling.

Høg turnover bidreg til kontinuerleg rekrutteringsaktivitet, opplæring og nye roller og ansvar for dei tilsette i Hardangerbadet.



*Etablere nye berekraftige og
samfunnsnyttige helsetenester.*

*Gjennom synergi skapa
vekstkraft, arbeidsplassar
og styrkja Hardanger som
lokalsamfunn og reisemål.*



Verksemda, drifta og bygget



Foto: Hundven-Clements, Link Arkitektur

Hardangerbadet er eit moderne symje-, og badeanlegg som stod ferdig og opna for publikum 26.12.2019. Hardangerbadet har eit bruttoareal på 6200m² og er teikna av LINK arkitektur.

Verksemda er lokalisert i Hardangerfjordvegen 615, Øystese i Kvam herad.

Bygget er inndelt i to seksjonar der Hardangerbadet Eigedom AS (HBE) eig 60% og Kvammabadet KF (KB KF) eig 40%.

KB KF eig 25m treningsbasseng, 12,5m opplæringsbasseng og garderoabar, Selskapet KB KF er eigd av Kvam herad og Ullensvang kommune. HBE eig resten av bygget, familiebaseng, næringsareal og helseareal.



Planteikning

Fasilitetar

HB AS har ansvar for å drifta anlegget. Det er to avtalar som viser kva ansvar og forpliktingar selskapet har.

1. Leigeavtale mellom HBE og HB, signert 10. desember 2019
2. Drifts-og samarbeidsavtale mellom partane, KB KF, HB AS og HBE AS, signert 22. september 2020

Leigeavtalen mellom HBE og HB skildrar plikter og oppgåver mellom partane.

Drifts-og samarbeidsavtalen styrer drifts/vedlikehaldsansvar og kostnads/inntektsfordeling mellom partane.

- 25-metersbasseng med seks symjebaner, som held 28 grader
- Familiebasseng med straumkanal, klatrevegg, massasjedusj og leikepytt, som held 29 grader.
- Opplæringsbasseng (12,5m) som held 33,5 grader
- Vassklie, 1 meters stupebrett og 3 meters stupetårn
- Sauna i fellesareal
- Garderobeanlegg med omklodingsrom for familiar
- Kafé med sitjeområde både inne i badet og i foajeen
- Resepsjon
- Badebutikk
- Treningsrom

**– og verdas
finaste utsikt!**




Arbeidsmiljø, sjukefråvær og likestilling



Hardangerbadet AS sysselsette i 2022 inntil 8,2 årsverk, fordelt på 23 tilsette i små og større stillingar. Løn og arbeidsvilkår vert sett med utgangspunkt i tariff og styrt av AML. Det er ikkje forskjellsbehandling mellom kjønn i saker som omhandlar løn eller arbeidsforhold. Hardangerbadet skal vera ein arbeidsplass der det er full likestilling mellom kvinner og menn. Likestilling mellom kjønna vert sikra gjennom den daglege drifta. Hardangerbadet ynskjer til ei kvar tid å ha både menn og kvinner på jobb for å kunne utføra dei oppgåvene som er naudsynt for drifta av badet. Fordelinga mellom kvinner og menn i føretaket er jamn, kjønnsbalansen svingar litt frå år til år. Sjukefråværet i 2022 var 1,09% mot 4,31% i 2021 og 5,13% i 2020. Få eller ingen langtidssjukemeldingar, samt fråvær av koronasjukdom, skapar stabilitet i verksemda.

Alderssamansetninga fordeler seg frå 14 til 75 år. Hardangerbadet har frå fyrste dag fokusert på å byggja eit godt arbeidsmiljø. Føretaket legg til rette for integrering og opplæring, og har tilsette frå ein rekke ulike nasjonalitetar. I 2022 var både Syria, Nederland og England representerte, i tillegg til Noreg. For mange unge badevertar er Hardangerbadet det fyrste møtet med arbeidsgjevar, og dette er eit ansvar føretaket må forvalte på ein god måte. Tryggleik, reinhald, service og venskap er alltid i fokus, det gjeld både internt i verksemda og i møte med gjestane våre. Hardangerbadet har eit godt arbeidsmiljø.







Tryggleik og HMS

Badevertane vert oppmoda til å registrere alle avvik, store og små. Slik kan ein avdekke både dei små tinga som er enkle å fikse, og ein kan fange opp kritiske feil og manglar før det utviklar seg til noko meir alvorleg.

Tryggleik, reinhald og service er det viktigaste badevertane jobbar med. Venskap og omsorg for kollegaer og gjestar, skapar ei trygg ramme og gode opplevingar for alle som vitjar Hardangerbadet.


Verdien av god tryggleik for badegjestane ligg i tilsyn og førebygging av hendingar, samstundes som det er gode rutinar ved ei alvorleg hending knytt til livredning, fyrstehjelp og bassengforureining.

Hjartestartaren vår heng godt synleg, dei tilsette er opplærte i bruken, og den er offentleg registrert.

Badevertane må gjennom halvårlege sertifiseringar for å kunne jobba som badevert. Alle må bestå tryggleikskursa innan livredning og fyrstehjelp.

I tillegg har badevertane jamnleg eigentrening. I 2022 vart det gjennomført livredningskurs med variert fokus, både innan grunnleggjande hjarte- og lungeredning, bruk av hjartestartar, dykketest og ulike case som er relevant for arbeid i og ved bassenget.

Det vart utført øvingar der blant anna slag, hjarteinfarkt, diabetes og epilepsi var tema.



Aktiviteten i Hardangerbadet

Fordelinga av kven som har besøkt Hardangerbadet i 2022 syner at det er besøkande med enkeltbillett som utgjør den største kundegruppa.

Datagrunnlag frå kassasystemet syner òg at det vart seld fleire enkeltbillettar i helgene, medan medlemar oftare kjem på besøk på i vekedagane. Besøkstalet for 2022 er 44.509. Det er ein auke på 14% frå 2021.

Medlemstalet i utgangen av 2022 var 807 og held seg stabilt.

Når hyttefolk og andre tilreisande ikkje aukar betrakteleg i besøkstalet, er ei auke i kurs og andre arrangement viktig for aktivitetsnivået og omsetninga. Øystese Cup er eit viktig arrangement for å generere aktivitetar og inntekter til bygda. Hardangerbadet arrangerte poolparty for unge fotballspelarar begge helgene, med stor suksess.



Det vart halde fire kursforløp med babysymjing i 2022. 39 små kvemmingar starta vasstilverninga i Hardangerbadet i løpet av året.


Andre aktivitetar:

- Symjekurs for vaksne
- Gymslappen for ungdom
- Badebursdag (207 born i haust)

Bassengtrening er det mest populære tilbodet vårt. Treningane går kontinuerleg heile året med unntak av skuleferiar, og har auka frå 3 til 5 timar per veke i løpet av 2022.

I tillegg har Kvam Revmatikarlag, samt Kvam LHL, faste treningar kvar veke i terapibassenget.

Totalt fins det 10 treningstimar kvar veke, med ulik intensitet, der kvemmingane held seg friske og aktive.





hardangerbadet

KAST DEG UTI!

Trening i TERAPIBASSENGET gjev deg:

- Auka rørsleevne
- Betre balanse
- Betre kondisjon
- Auka styrke
- Meistring og glede

PÅMELDING:
post@hardangerbadet.no eller
resepsjonen i Hardangerbadet

Skann meg!



KVIFOR?

- I terapibassenget vert alle musklar, senar og ledd gjennomvarme.
- Oppdrift i vatn reduserer smerte ved rørsle.
- Motstand i vatn styrkjer musklar og bein.
- Bassengtrening gjev god sirkulasjon i hjartet, lungar, årer og lymfesystem.

... og ikkje minst er det kjekt å trene i lag med Dag og Natalie, som er kjempeflinke instruktører!



Natalie // Fysioterapeut
HELSE I HARDANGER



Dag // Idrettspedagog
HARDANGERBADET



Tove // Fysioterapeut
HELSEBANKEN FYSIOTERAPI

Styret, administrasjon og økonomi

Styret

Dag Jarle Aksnes	Styreleiar
Hans Jørgen Andersen	Nestleiar
Marit Buttingsrud	Styremedlem
Olav Botnen	Styremedlem
Caroline Stryker-Vassnes	Styremedlem

Administrasjonen

Anita Storemark	Dagleg Leiar
Kristian Børve	Teknisk Leiar

Styret har gjennomført 5 møter i 2022 og handsama 31 saker.
Dagleg leiar møter fast til alle styremøte og er styret sin sekretær.

Drift

Styret stadfestar at forutsetning om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Den framlagte resultatrekneskapen og balansen gir eit tilfredsstillande uttrykk for resultatet i 2022 og den økonomiske stillinga ved årsskiftet.

Utgreiing av årsrekneskapen

Selskapet nådde eit resultat i 2022 på kr -1 424 109,- mot eit resultat på kr -366 837,- året før. Selskapet har pr. 31.12.2022 ein bokført eigenkapital på kr 404 705,-, total balansesum er på kr 2 772 262,-.

Selskapet sitt styre er ikkje tilfreds med denne utviklinga. Likviditeten ser ein som tilfredsstillande. Det er ila 2022 gjort eit grundig arbeid for å auka finansiering frå eigarane og styrkje likviditeten gjennom året.

Øystese 10. mai 2023


Dag Jarle Aksnes
Styreleiar

Hans Jørgen Andersen
Nestleiar

Marit Buttingsrud
Medlem

Olav Botnen
Medlem

Caroline Stryker-Vassnes
Medlem



Badebutikk og kafé

- Badetøy til alle, i alle storleikar
- Alt du treng og litt til
- Nevemat, is og kaffi til svoltne gjester
- Utstyr og kle til bading, ute og inne

Omsetninga i butikk og kafé er avhengig av helger og feriar med mykje besøk. Det er fokus på bestselger, volum på riktige varer, samt eit lite utval for dei kresne.

Varene i kaféen skal ha høg kvalitet og vere fornuftig prisa. Næringsinnhald skal spegle helseprofilen vår så langt det let seg gjere.

Men is må ein ha. Me er den einaste staden ein får kjøpt kuleis i Kvam.



Samarbeid og synergieffektar

Hardangerbadet er avhengig av, og ynskjer, gode samarbeid med andre lokale verksemdar. Auka aktivitet skapar betre helse, ei betre og meir attraktiv bygd å bu i, fleire arbeidsplassar og auka omsetning for alle.

Våre samarbeidspartnarar i 2022, og framover i tid, er blant andre:

- Hardangerfjord Hotel
- Helse i Hardanger
- Thon Hotel Sandven
- Kvam herad
- Optima pH
- Hardanger Akvasenter
- Hardangerbadet Fysioterapi
- Øystese Fotball
- Øystese IL
- Min Blom

DUSJ NAKEN
FØR DU GÅR I BADET

> VASK
> SKYLL
> BAD
> SKYLL

Slik held vi badet reint


hardangerbadet
hardangerbadet.no  

Miljøansvar

Bransjen som Hardangerbadet er ein del av er ingen versting når det kjem til forureining eller utslepp som kan påføre skade for det ytre miljøet utover det som er normalt. Likevel, i lys av høge straumkostnadar og stort forbruk av kjemikaliar, vart det naudsynt og teneleg å ta grep i 2022.



- Utvikle og installere marmorfilter som reduserer forbruket av syreprodukt i vasshandsaming.
- Redusering av energibruk ved installering av tids- og behovsstyring, justering av diverse installasjonar.
- Enøktiltak, solcellekraft.
- Redusere kjemikaliebruk og betre HMS i dagleg reinhald ved å byte ut alle syreprodukt med naturlege produkt frå Optima Ph.
- Tilby naturlege Optima Ph produkt til våre gjester i dusjanlegget.
- Nytte bakevarer i kaféen frå produsent som reduserer matsvinn.



Oppsummering

Styret er nøgd med ein auke i besøkstal, omsetning og aktivitetsnivå i 2022.

Verksemda genererer større samfunnsverdiar enn dei isolerte driftskostnadane. Hardangerbadet skapar attraktivitet til besøkjande og heimflyttarar, det skapar arbeidsplassar, auka trivsel og økonomiske synergieffektar i kommunen. Hardangerbadet er ikkje berre ein arena for fysisk aktivitet. Det er blitt Kvam si storstove, ein stad for samvær, sosialisering og integrering. Den økonomiske situasjonen i Hardangerbadet AS vil betra seg i løpet av 2023, ei rekkje tiltak er på plass.

Folkehelse, symjeferdigheiter og eit lågterskel-tilbod for fysisk aktivitet og sosialt samvær. Dette er nokre av verdiane som er leverte til over 44.000 menneske i Hardangerbadet, og er noko Kvam bør vera stolt av.





hardangerbadet

